

Oppstartsbrev: Kjære konfirmantar og føresette!

Hjarteleg velkomen til konfirmantåret! Vi håper det vert eit fint og innhaldsrikt år for alle. Vi gler oss til å bli kjende med dykk 😊.

Oppstartsamtaler

I juni/august vil Silje gjennomføre korte oppstartsamtaler med kvar einskild konfirmant og minst ein av foreldra. Dette for at vi skal kunne bli litt kjende før konfirmantåret byrjar, og om det er noko vi bør vite om konfirmanten er dette ein mogelegheit for å fortelje. De skriv dykk på samtaletid under foreldremøtet 17. juni. Ta kontakt om de ikkje var på dette møtet.

Introkurs

Konfirmantsamlingane er felles for dei som går på Skei skule og Vassenden skule. Konfirmantåret byrjar med introkurs for alle konfirmantane i Jølster onsdag 14. aug – laurdag 17. aug. Då er det viktig at alle set av desse dagane. Vi skal ha undervisningssamlingar, aktivitetar og vi skal bli kjende med kvarandre. Om nokon er forhindra i å vere med på desse dagane, får de heimeoppgåver i staden. I løpet av desse introdagane skal vi også bli kjende med alle kyrkjene i Jølster. Laurdagen vert det pilgrimsvandring/fjelltur frå Årdalen til Ålhus. Denne fjellturen kan bli utsett om det blir veldig dårleg vêr. Konfirmantane må ha med matpakke på introdagane og det er lurt å ta med klede som ein kan bevege seg i alle dagane, og badekle om en ein har lyst å bade.

Haustsamlingar/klubbkveldar

Utover hausten blir det eit nokre klubbkvelder på søndagar (sjå eige ark med haustplan for konfirmantane) og laurdag 19. oktober blir vi med på konfirmantfestival i Gaular for alle konfirmantar i Sunnfjord prosti. Det vil bli sett opp foreldremedhjelparar på dei fleste av samlingane/klubbkveldane. Det er nok at det kjem ein føresett for kvar konfirmant.

Gudstenester og tenesteoppgåver

I løpet av konfirmantåret er konfirmanten også med på ein del gudstenester i kyrkja. Dei får eit konfirmanthefte der dei skriv inn gudstenestene og får underskrift av prest/klokkar/kyrkjetenar/ foreldre. Før samtalegudstenesta skal dei ha vore på 8 gudstenester. Gå gjerne på ulike typer gudstenester ulike stader slik at dei kan oppleve litt forskjellig. Gudstenester som inngår i konfirmantopplegget (presentasjonsgudsteneste, lysmesse, påskeplask), skulegudstenester, gravferd og vigslar kan også skrivast inn. På kirken.no/sunnfjord finn de oversikt over gudstenester i kommunen. Ei gudsteneste kvart semester blir dei sett opp som medhjelpar i gudstenesta. Då møter dei opp tre kvarter før gudstenesta begynner slik at dei kan bli einige med prest om kva oppgåver dei skal ha. Dei gongane konfirmantane skal vere med som gudstenestemedhjelparar, vil vi også utfordre foreldre til desse konfirmantane til å vere med og bidra til kyrkjekaffe. Vi håpar då de kan ta med ein

kanne med kaffe kvar og noko attåt (t.d platekake/ noko frukt/ ein pakke kjeks) Det er fint at foreldre/foresette og konfirmantar på denne måten kan gjere noko i lag. Konfirmantane vil også få tenesteoppgåve i opplegg for barn i kyrkjelyden. Dei vil bli sett opp ein gong i løpet av hausten og ein gong i løpet av våren på som medhjelpar på barneklubb.

Presentasjonsgudsteneste

Søndag 8 september blir det gudstenester med presentasjon av konfirmantane for kyrkjelyden. Desse blir kl 11 i Helgheim kyrkje (for alle som går på Skei skule) og kl 14 i Ålhus kyrkje (for alle som går på Vassenden skule). Vi vil at føresette hjelper konfirmantane med å finne ein liten (fin) stein som dei skriv namnet til konfirmanten på og tar med til kyrkja på presentasjonsgudstenesta. Konfirmantane kjem fram i gruppe og blir presentert. Dei vil også få utdelt ei bibelbok.

Til våren

Til våren blir det mellom anna leir ilag med naustdalkonfirmantane 14.-16. mars, i tillegg til nokre klubbkveldar, deltaking i kirkens nødhjelps fasteaksjon (truleg tysdagen før påske) , påskeplask på 1. påskedag (20 april), samtalegudsteneste med konfirmantfest (27.april – med førebuingar 26.april) og konfirmasjonar. **Konfirmasjonsdatoar:** 4. mai Helgheim kyrkje kl.11:00, 11. mai Vassenden kyrkjesenter kl.11:00, 29. mai Ålhus kyrkje kl.11:00

Informasjonskanal

Det er oppretta ei gruppe på spond som heiter Konf Jølster 24-25. Vi ynskjer at både foreldre og konfirmantar blir medlem i denne gruppa sidan dette er ein grei måte å nå ut med informasjon på og kommunisere med kvarandre. Gruppekode TOWHT.

Ansvarleg for konfirmantopplegget

I Jølster er det sokneprest som er ansvarleg for konfirmantopplegget. Silje sluttar i soknepreststillinga 1. sept, og det er foreløpig ikkje klart kven som tar over etter henne. Foreløpig er det Silje som held i organisering av konfirmantåret. Fredrik Bråttvik, ungdomsprest i kommunen, vil også vere med på nokre av samlingane (nokre av introdagane, presentasjonsgudstenestene, konfirmantleiren). Dersom det er noko de lurar på, så er det sjølvsagt berre å ta kontakt ☺

Vennleg helsing frå Silje, sokneprest i Jølster,
tlf 47399492/ e-post: Silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

kirken.no/jolster